

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Liv Hopland van der Kooij

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 14/15981

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2014

VURDERING AV EIGEDOM TIL FAMILIEBARNEHAGE

Liv Hopland van der Kooij kontakta Miljøretta helsevern for å få ei vurdering av «gamlehuset» som ligg attmed ein bustaden der Lita-God familiebarnehage held til. Det er ynskjeom å starte ny familiebarnehage i «gamlehuset». Dette vil fyst vera aktuelt om nokre år, men eigar ynskjer ei vurdering om moglegheitane.

Den 26.06.14 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde ei synfaring i «gamlehuset». Liv Hopland van der Kooij møtte på synfaringa.

Arealet var ikkje nøyaktig oppmålt ved synfaringa, men er rikeleg for 10 barn (dobbel gruppe). Barn over 3 år skal ha eit leike- og opphaldsareal på minimum 4 m², og barn under 3 år skal ha 1/3 meir (5,3 m²). Utearealet bør vera 6 gongar større.

Dette må vera på plass før ei evt. familiebarnehage kan starte opp.

- Dersom privat brønn skal nyttast som drikkevasskjelde, må eigar søkje om godkjenning (Mattilsynet) av brønnen, jfr. §§ 8 – 10 i drikkevassforskriften.
- Det må vera godkjente rømmingsvegar frå dei ulike opphaldsromma.
- Tilfredstillande brannvarsling og slukkeutstyr må vera i lokalet.
- Dersom vedovn skal nyttast må denne sikrast.
- Dersom ein skal ha barn under 3 år, må det leggest til rette for stelleplass og kvilerom (evt. ute-soveplass under tak).
- Det må vera skoldesikker kran på toaletta som barna nyttar.
- Det må monterast barnesikring på stikk-kontaktar som er i barnehøgde.
- Dersom det skal serverast mjølk eller mat i barnehagen må ein ha kjøleskap og oppvaskmoglegheiter (i fylgje "Generell forskrift for produksjon og omsetning av næringsmidlar" som Mattilsynet har tilsyn med). Melding må sendast Mattilsynet.
- Verksemdas lokalar skal ha tilfredstillande lydforhold.
- Uteområdet må vera forsvarleg i inngjerda med gjerde og port.
- Parkeringsplass (sikker avlevering av barna) må på plass.
- Ved ein eventuell opparbeiding av leikeplass, må ein fylgje Forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr.

Anna:

- Bygget er gammalt og treng rehabilitering.

Miljøretta helsevern vurderer at «gamlehuset» har moglegheiter til å innehalde familiebarnehage etter renovering og nødvendig sikring og at det leggast til rette for bruk som familiebarnehage.

Det må gjennomførast eit nytt tilsyn i «gamlehuset» før eventuell oppstart av familiebarnehage. Verksemda må ta kontakt med Miljøretta helsevern og søkje om godkjenning etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehagar og skular m.v.* før evt. oppstart.

Med helsing

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tord Moltumyr